

Fra: Eikenes Signe (signe.eikenes@vegvesen.no)

Sendt: 23.11.2016 10:24:58

Til: Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Os kommune; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; 'fmhpostmottak@fylkesmannen.no'; post@kystverket.no; postmottak@fiskeridir.no; servicesenter@forsvarsbygg.no; naturvern@naturvernforbundet.no; media@nmf.no; post@syklistene.no; nve@nve.no; Kvinnherad kommune; Austevoll kommune; 'firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no'

Kopi: Mjelde Lilli; Hove Kjartan Johan; Stomperud Maylinn

Emne: Forslag til plan for E39 Stord-Os på høyring

Vedlegg: Planomtale - høyringsframlegg 01112016.pdf

Ferjefri og utbetra E39:

Høyring av framlegg til statleg kommunedelplan (KDP) m/ konsekvensutgreiing (KU) for E39 Stord – Os

Kommunedelplanen (KDP) m/konsekvensutgreiing (KU) for E39 Stord – Os er lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring. Frist for å sende merknader til planen er 20.januar 2017.

Kommunal – og moderniseringsdepartementet har som statleg arealmynde slutta seg til at Statens vegvesen sitt framlegg til statleg kommunedelplan m/konsekvensutgreiing for E39 Stord – Os kan leggjast ut til offentlig ettersyn og sendast på høyring.

I kommunedelplanen er alternative traséløysingar utgreidd i samsvar med fastsett planprogram (17.12.2015). Kommunedelplanen omtalar kva veglinjer og bruløysingar som har vore vurdert og kva løysing Statens vegvesen tilrår for strekninga. Samfunnsålet med prosjektet er å knyte dei store byane og vestlandsregionen saman for å skape utvida bu- og arbeidsregionar langs heile strekninga. Det vil også gjere det lettare for næringslivet å få tak i råvarer, innsatsfaktorar og arbeidskraft ved behov, samt eksportere varer.

Planomtale, føresegner, plankart og fagrapportar er tilgjengeleg på Statens vegvesen si nettside <http://www.vegvesen.no/Europaveg/e39stordos>

Høyringsfristen er sett til 20.januar 2017. Vi ber kommunane spesielt om uttale til spørsmålet om reguleringsplanane også skal gjennomførast i statleg regi.

Høyringsuttale /merknader til planen skal sendast til:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

Eller e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Merk e-post og/eller brev med «E39 Stord–Os»

Statens vegvesen vil gå gjennom mottekne høyringsuttalar /merknadar, samanfatte og sende desse over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for vidare handsaming og endeleg avgjerd.

Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Samferdselsdepartementet 22.11.2016:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlig-kommunedelplan-for-e39-stord-os---horing-og-offentlig-ettersyn-av-planforslag/id2521023/>

Med helsing
Signe Eikenes

Avdeling: Prosjektavdelinga

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER

Mobil: +47 95191934 **e-post/Lync:** signe.eikenes@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?